



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Delegert vedtak

Thor Harald Foss
Hveteveien 34
4635 KRISTIANSAND S

Arkivsaksnr: 2021/7645-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 13.09.2021

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR - delegert utvalg	101/21	
Verneområdestyret for SVR		

Innvilga søknad om landing med helikopter i verneområdet SVR. Thor Harald Foss. Småtjønndalen i Langeid Driftehei. Bygland kommune.

Syner til søknad datert 26.8.2021. Vedtak og saksframstilling ligg ved. Dokumenta, saman med loggskjema, må takast med under transporten.

Klage

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet. Klaga skal sendast til verneområdestyret for vidare handsaming. Klagefristen er 3 veker frå mottak av vedtaket. Alle partar med klagerett har rett til innsyn i saksdokumenta. Skriftleg klage skal sendast til Verneområdestyret for SVR Pb. 788 Stoa, 4809 ARENDAL. Oppgi kva for eit vedtak det vert klaga på, dei endringane klagar ynskjer og grunngjeving for klaga. Dersom det vert klaga så seint at det kan vere tvil om det er klaga i rett tid, må det opplysast når brevet kom fram.

Med helsing

Jørn Trygve Haug
verneområdeforvaltar SVR

Etter våre rutinar er dette brevet godkjend og sendt utan underskrift

Kopi:

Bygland kommune
Statsforvalteren i Agder

Kommunehuset
Postboks 504

4745 BYGLAND
4804 ARENDAL



Vedtak

I medhald av *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde* Kapittel 4 pkt. 5.4.c får Thor Harald Foss løyve til landing med helikopter ved jakthytta i Småtjønndalane i Langeid driftehei i Bygland kommune. Løyvet gjeld for inntil to landingar i perioden 17.9.2021 – 27.9.2021, og gjeld for frakt av proviant og utstyr inn til hytta. I tillegg frakt av søppel ut. Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

- Landing skal skje på området merka av i kartet i vedtaket.
- Så langt som råd skal flyging skje høgare enn 300 meter over bakken. Det skal nyttast kortaste veg mellom landingsplassane. Utgangspunktet for transporten er Ljosland i Åseral.
- Søkar har sjølv ansvaret for å hente inn samtykke til landing frå råka grunneigar og Bygland kommune
- Løyvet må takast med under transporten. For flyginga tek til skal loggskjema fyllast ut.
- Om det vert observert villrein i nærleiken av landingspunktet skal transporten utsettast til faren for å uroe dyra ikkje lenger er til stade.

Godkjent landingspunkt og flygerute:





Saksopplysninger

Thor Harald Foss har søkt om to landingar med helikopter ved hytta han leiger i Småtjønndalen i Bygland kommune. Føremålet er transport av proviant og utstyr i samband med småviltjakta, samt transport av søppel ut. Leigekontrakt for hytte og jakt låg ved tilsvarande søknad for 2020 (delegert sak 140/20, saksnr. 2020/6834).

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde av 28.4.00.
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent 2015.
- Naturmangfoldloven.

Hjemmelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vert regulert av verneforskrifta kapittel 4. pkt. 5.1.c kor det heiter at start og landing med motordrevne luftfarty er forbode. I kapittel 4 pkt. 5.4.c heiter det at forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til *»Naudsynt luft-og snøscootertransport av materialar til hytter, klopper mv. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer«*

Transporten det vert søkt om kjem etter vårt syn inn under kapittel 4 pkt. 5.1.c og krev difor dispensasjon etter kapittel 4 pkt. 5.4.c for å kunne gjennomførast.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfoldlova

Etter § 7 i Naturmangfoldlova skal dei miljøretslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningsline ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Kunnskapsgrunnlaget (§8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), samt frå NINA sitt pågåande GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no)

Tradisjonelt har villreinen nytta aktuelle område til vinterbeite samt sommarbeite for bukk. Dyra har nytta desse område i mindre grad dei seinare åra. Dette skuldast truleg at totalbestanden



har vore relativt låg. I tillegg moglege hindre for trekk lenger nord i heia. I vintrar der beita isar ned kan område vera særleg viktige for villrein. I naturbasen ligg det ein trekkorridor for villrein mellom Småtjørndalane og Kolsheivatn i aust. Rett nord for hytta er det merka av område som vinterbeite.

Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste» som vert råka av transporten. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert difor tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane

Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).

Turistløypa mellom Gaukhei og Øyuvsbu går rett vest for hytta. Gjennom året er det ein god del ferdslar i denne. 2 km. sør for hytta ligg Gaukhei turisthytte. Motorisert ferdslar i området er i første rekke knytt til transport til Gaukhei turisthytte samt enkelte driftshytter i desse heiområda. Etter forvaltar si vurdering er den samla belastninga moderat.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)

Bruk av helikopter kan vera eit godt alternativ til bruk av snøcooter om vinteren. Hausten er også ei tid på året der viltet er mindre sårbart for forstyrring. Søkar er ansvarleg for at tiltaket vert gjennomført på ei miljømessig god måte.

Særskilt om vurdering av transportbehovet

I tråd med forvaltningsplanen vert det ikkje gjeven løyve til persontransport. Det er likevel tillate å sitte på om ikkje dette fører til behov for fleire turar.

Grunneigarane i Langeid driftehei har tidlegare fått innvilga snøscooterløyve til fire hytter i sameiget. Inga av desse gjeld for hytta i Småtjørndalen. Det kan difor innvilgast to landingar slik det er søkt om.

Konklusjon

Transportane vil berre i liten grad ha negativ innverknad på verneverdiane i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Transporten kjem ikkje i konflikt med verneformålet. Transportane vil heller ikkje vere eit trugsmål mot naturmangfaldet. Det kan difor gjevast løyve på vilkår.